

Berekraftig verdiskaping

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

# Årsplan 2024



# Innhald

---

Innleiing	3
1. Mål og satsingar	4
2. Mål og strategiar for satsingane i Handlingsprogram 2022 – 2025	5
3. Oppdrag og tiltak på tvers	6
4. Grøn næringsutvikling	10
5. Areal til næringsutvikling	16
6. Kompetanseutvikling i arbeidslivet	20
7. Innovative og inkluderande samfunn	25
8. Samarbeid og forpliktande partnarskap	30
9. Resultat- og effektmåling	32

---



# Innleiing

Årsplan 2024 er den tredje i rekka som skal operasjonalisere handlingsprogram 2022-2025 for Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland.

Den regionale planen er for fylket, ikkje berre fylkeskommunen. I årsplanen har vi identifisert tiltak som skal sikre at vi som fylke set retning mot å nå måla i planen. Fylkeskommunen eller andre partnarar er ansvarlege for å gjennomføre tiltaka – oftast i ein partnarskap. Alle tiltaka vil verte finansiert gjennom fylkeskommunen eller andre partnarar sine budsjett. Slik plasserer vi ansvar og sikrar ressursar til gjennomføring.

I Årsplan 2024 for Berekraftig verdiskaping» vidarefører vi mange av tiltaka frå 2023. Dei fleste var i utgangspunktet planlagde for fleire år, medan nokon ikkje blei starta opp som planlagd i 2023. Nokon nye er komen til. Det er framleis ei overvekt av tiltak der fylkeskommunen rår over dei finansielle verkemidla. Like viktig er tilrettelegging for møteplassar regionalt og lokalt, samordning av politiske initiativ og tilpassing og koordinering av støtteordningar som er spesielt relevante for næringslivet og kommunane. Dette er forsøkt synleggjort i årsplanen.

Årsplanen skal vere eit styringsverktøy for fylkeskommunen som planmynde, og for Næringsforum Vestland og Kompetanseforum Vestland i fellesskap. På slutten av året skal vi kunne sjekke av om tiltak gjennomført.

## Samanheng regional plan, handlingsprogram og årsplanar

### 1.0. Regional plan (2021-2033)

- 1.1 Visjon
- 1.2 Hovudmål
- 1.3 Satsingar
- 1.4 Mål for satsingane fram mot 2033

### 2.0. Handlingsprogram (2022-2025)

- 2.1 Delmål for satsingane fram mot 2033
- 2.2 Strategiar for perioden 2022-2025 for å nå delmåla
- 2.3 System for oppfølging, resultat- og effektmåling

### 3.0. Årsplanar

- 3.1 Prioritere tiltak, sikre ressursar og plassere ansvar for å gjennomføre tiltak det inneverande året
- 3.2 Vidareutvikle system for oppfølging, resultat- og effektmåling og kommunikasjon

# Mål og satsingar

Visjonen og hovudmålet  
er vedteken i Berekraftig  
verdiskaping. Regional  
plan for innovasjon og  
næringsutvikling  
2021-2033 →

Planen har fire  
satsingar →

og mål for kvar  
satsing →

For kvar satsing er det i tillegg etablert delmål og strategiar for perioden 2022-2025

VISJON

Nyskapande og berekraftig

HOVUDMÅL

Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk  
av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon



Grøn nærings-  
utvikling

Eit næringsliv i  
Vestland med netto  
nullutslepp i 2030



Areal til nærings-  
utvikling

Rett areal til rett  
føremål til rett tid



Kompetanseutvikling  
i arbeidslivet

Fleire arbeidstakrar  
med rett kompetanse



Innovative og  
inkluderande  
samfunn

Verdiskaping og nye  
grøne arbeidsplassar  
i heile fylket

Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon



### Grøn næringsutvikling

Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030

#### Delmål 1 / Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grøne verdikjeder

1. Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytt til elektrifisering og dei store omstillingssprosjekta i regionen
2. Realisere heiskapleg verdikjede med netto nullutslepp for transport i Vestland
3. Styrke innsatsen for å sikre nye, store, berekraftige industrietableringer til heile fylket
4. Nyte kompetansen frå prosessindustrien og subsea til å utvikle ei grøn mineralnæring og næringsutvikling med vekt på lokal verdiskaping
5. Samordne innsatsen innan havnæringerane for å realisere Vestland som verdas leiande havregion
6. Nyte store infrastrukturprosjekt til å skape innovasjon og regionale leveransemodellar
7. Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri og trafikkknutepunkt
8. Vurdere om det er behov for nye tiltak eller ny organisering i lys av kunnskapsgrunnlaget frå Grøn region Vestland

#### Delmål 2 / Eit innovativt og grønt næringsliv i heile fylket

1. Redusere dei største punktutsleppa til netto null
2. Realisere nullutsleppsløysingar i bygg- og anleggsnæringane
3. Bidra til grøn omstilling i matproduksjonen gjennom innovasjon knytt til teknologi og innsatsfaktorar
4. Auke konkurranseskrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet
5. Sirkulære prinsipp vert lagt til grunn for å redusere bruk av innsatsfaktorar og skape mindre avfall og utslepp



### Areal til næringsutvikling

Rett areal til rett føremål til rett tid

#### Delmål 1 / Planlegging av næringsareal skjer effektivt, langsiktig og heiskapleg

1. Næringslivet blir tidleg involvert ved planlegging av næringsareal
2. Sikre heiskapleg og langsiktig arealplanlegging på tvers av kommunegrenser
3. Legge grunnlag for eit meir effektivt planarbeid og sikre oppdaterte arealplanar
4. Sikre at rekkefølgekrav ikkje legg urimelege hinder i vegen for å nytte eigna areal

#### Delmål 2 / Vestland har tilgang til nok eigna næringsareal som er basert på berekraftig bruk av naturressursar

1. Legge til rette for nok eigna areal til grøn omstilling og innovasjon i næringslivet
2. Sikre berekraftig bruk av naturressursar, biologisk mangfald og dyrka jord

#### Delmål 3 / Kommunane har god tilgang til kunnskaps- og datagrunnlag, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med kommunal planlegging

1. Samle og gjere kunnskap til bruk i arealplanar og planstrategiar lett tilgjengeleg for kommunane
2. Auke kapasitet og kompetanse i planarbeidet



### Kompetanseutvikling i arbeidslivet

Fleire arbeidstakrar med rett kompetanse

#### Delmål 1 / Vi har rett kompetanse i næringslivet og offentlig sektor

1. Utvikle og styrke utdanningstilbodet retta inn mot det grøne skiftet
2. Byggje tverrgående kompetanse for framtida i alle utdanningsløp
3. Halde på nyuttanna kandidatar i fylket og sikre at kompetansen deira er relevant for arbeidslivet
4. Styrke karriererettleiinga i grunnutdanninga
5. Ta i bruk karriererettleiing som verktøy i omstillingssprosessar

#### Delmål 2 / Det er god tilgang på arbeidskraft

1. Kartlegge og koordinere kompetansebehov som grunnlag for å dimensjonere utdanningstilbodet
2. Utgreie og pilotere løysningar for desentralisert og fleksibel utdanning
3. Mobilisere til auka bruk av etter- og vidareutdanning
4. Gjere overgangar og kombinasjonar av utdanningsløp meir fleksible
5. Gjere dei som står utanfor arbeidsmarknaden relevante for arbeidslivet
6. Rekruttere nye arbeidstakrar til fylket nasjonalt og internasjonalt

#### Delmål 3 / Vi har tett samarbeid om kompetanseutvikling

1. Etablere samarbeid om karriererettleiing på tvers av utdanningsnivå og sektorar
2. Tettare samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet for å avdekke behov og tilrettelege utdanningstilbodet
3. Påverke nasjonale styresmakter for å betre rammevilkåra for regional kompetansepolitikk



### Innovative og inkluderande samfunn


Verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket

#### Delmål 1 / Berekraftige bu- og arbeidsmarknadsregionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping

1. Jobbe for å gjøre offentlege tenester meir tilgjengelege i heile fylket
2. Stimulere til auka bulyst gjennom å mobilisere til lokale initiativ og skape fleksible arbeidsplassar
3. Sikre god digital infrastruktur og -tenester i heile fylket
4. Samarbeid for å styrke kommunane som berekraftig utviklingsaktør
5. Ta i bruk ressursane i heile befolkninga


#### Delmål 2 / God innovasjonsinfrastruktur i heile fylket

1. Sjå regionale, nasjonale og internasjonale nettverk og verkemiddel for innovasjon og næringsutvikling i samanheng
2. Heiskapleg støtte til entreprenørar: Ein "koplingsboks" for gründarar og rådgjevarar
3. Felles innsats for å stimulere til forsking og forskningsbasert innovasjon



Oppdrag og tiltak på tvers





# Tiltak på tvers av satsingane



Tiltak	Sentrale aktører
1 Samarbeid og koordinering med andre regionale planar	Fylkeskommunen i samarbeid med breie partnarskap for dei ulike planane
2 Nyte moglegheiter i internasjonalt samarbeid, spesielt EU sine samarbeidsprogram, for å forsterke prioriterte satsingar	Fylkeskommunen i samarbeid med universitet- og høgskulesektoren
3 Lyse ut tilskot som støtter opp om berekraftig verdiskaping i Vestland	Fylkeskommunen lyser ut midlar med grunnlag i Handlingsprogram 2022-2025
4 Utvikle system for resultat- og effektmåling	Fylkeskommunen i samarbeid med Næringsforum Vestland





# Lyse ut tilskot som støtter opp om berekraftig verdiskaping i Vestland

Søkbare tilskotsordningar er eit kraftfullt verkemiddel for å nå måla våre.

Gjennom å lyse ut tilskot til aktørar i heile fylket har vi moglegheit for å få fram nye idear, skape synergi og nye løysingar for berekraftig verdiskaping.

Vestland fylkeskommune vil også i 2024 lyse ut tilskot som kan støtte opp om måla for berekraftig verdiskaping i Vestland.





# Handlingsprogram 2022-2025 har fire kritiske oppdrag for perioden

- 1 Bygge strategiske grøne hubar gjennom industriell symbiose
- 2 Ta posisjon som den globalt leiande havregionen
- 3 Bygge innovativ grøn infrastruktur
- 4 Sikre det biologiske mangfaldet og ta vare på matjorda





# Grøn næringsutvikling

Mål: Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030



# DELMÅL 1 Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grøne verdikjeder

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024
1 Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nyttet til dei store omstillingssprosjekta i regionen	1 Følge opp Regional plan for fornybar energi i Vestland.	Gjennomføre handlingsprogram for planen. Arbeidet med å utvikle kraftforsyninga i fylket er prioritert. Det vil bli gjennomført dialogmøte med dei tre regionale nettselskapa og Statsnett. Tiltak for å bidra til meir effektiv bruk, derunder energigjenvinning, er viktig å jobbe med.	Fylkeskommunen i samarbeid med næringsforum	2023	2023-25	Nytt tiltak 2024
	2 Bidra til å sikre nok tilgang på rein energi til hubane i Grøn region Vestland:	Det skal vere tett dialog med dei grøne hubane for å sikre rett energi til rett føremål i tråd med sirkulære prinsipp.	Grøn region Vestland	2024	2024-25	Nytt tiltak 2024
	3 Bidra til å posisjonere Vestland i verdikjeder for havvind	Sikre framdrift i arbeidet med verdikjede innan havvind, inkludert Vestavind B. Bidra til å bygge kompetanse og at bedrifter i Vestland har areal for havvindsatsing, innafor gjeldande lover og regelverk.	Fylkeskommunen, Grøn region Vestland, GCE Ocean, Energiomstilling Vest, Bergen næringsråd med fleire	2023	2023-25	Omdefinert frå 2023
2 Realisere heilskapleg verdikjede med netto nullutslepp for transport i Vestland	1 Vestlandssatsing på elektrisk luftfart	Støtte opp under pilotprosjekt for elektrisk flyrute mellom Førde og Bergen.	Vestland fylkeskommune, Sunnfjord kommune, Sunnfjord utvikling	2022	2022-24	Vidareført frå 2023
	2 Samarbeid for heilskapleg verdikjedesatsing for alternative drivstoff i skipsfart	Bidra til alternative drivstoff i skipsfart. Til dømes ved prosjektstøtte og arbeid for betre rammevilkår og vere positiv til aktørar som vil etablere produksjon eller bunkringsanlegg langs kysten.	Vestland fylkeskommune og Grøn region Vestland, i samarbeid med næringsaktørar	2022	2022-25	Omdefinert frå 2023
	3 Bidra til å styrke hurtigladeinfrastrukturen	Vidareutvikle samarbeid og lyse ut støtte for elektriske køyretøy inkludert behova for tungtransport og drosjenæringa	Fylkeskommunen i samarbeid med statlege og private aktørar	2022	2022-24	Nytt tiltak 2024

## DELMÅL 1 Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grøne verdikjeder

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024	
3	Styrke innsatsen for å sikre nye store berekraftige industrietableringer til heile fylket	1 Styrke Invest In-arbeidet i fylket	Fylkeskommunen tek ansvar for på sikt å skape ei heildekende Invest in Vestland-teneste for å trekke til seg prioriterte investeringar og etableringar. Invest in Bergen tek ei koordinerande rolle for Invest In - organiasjonane i fylket for å styrke samarbeid om informasjon og felles verktøy. Invest in Bergen tek ansvar for å etablere ei Invest in Vestland nettside i løpet av 2024.	Innovasjon Norge og fylkeskommunen	2023	2023-25	Omdefinert frå 2023
4	Nytte kompetansen frå prosessindustrien og subsea til å utvikle ei grøn mineralnærings og næringsutvikling med vekt på lokal verdiskaping	1 Kartlegge potensialet og synleggjere moglegheitene for mineralutvinning som er kritisk for grøn omstilling  2 Utvikle kompetanse om berekraftig mineralutvinning	Organisering og førebuing av ressurskartlegging i fylket av mineral som er viktige for grøn omstilling.  Utvikle kompetanse innan berekraftig mineraltutvinning, utnyttelse av restmineraler og bygge eit kompetansemiljø.	Fylkeskommunen  Grøn region Vestland, Sunnfjord og Askvoll kommuner	2024  2024	2024-25  2024	Utsett til 2024  Nytt tiltak 2024
5	Samordne innsatsen innan havnæringerne for å realisere Vestland som verdas leiande havregion.	1 Styrka marin innsats	Prosjektet vil legge til rette for å styrke verdiskapinga innan akvakultur i Vestland, og redusere avtrykket på klima, miljø og naturmangfald. Det vert jobba etter plan for prosjektet. I 2024 vil vi mellom anna arbeide med arealutfordringar, nye utdanningsbehov, ressursnytting, sirkulærøkonomi mm. Det er oppretta internt og eksternt samarbeid. Saman vil vi avdekkje kunnskapshol, arrangere samlingar og delta i ulike nettverk.	Fylkeskommunen Statsforvaltaren, Fiskeridirektoratet, Mattsynet, Innovasjon Norge, kommunane og representantar for næringa og forskingsmiljø	2022	2022-25	Vidareført frå 2023
		2 Styrke One Ocean Havbyen Bergen som felles satsing i Vestland	Sikre at One Ocean Havbyen Bergen) kan bidra til å sette ein global agenda, marknadsføre Vestland som den globalt leiande havregionen og vidareutvikle økosystemet mellom forskning, utdanning og næringsliv som forsterker kunnskapsbasert næringsutvikling	One Ocean Havbyen Bergen	2023	2023-25	Omdefinert frå 2023

# DELMÅL 1 Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grøne verdikjeder

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024	
6	Nytte store infrastrukturprosjekt til å skape innovasjon og regionale leveransemodellar	1 Fremme sirkularitet i offentlege infrastrukturprosjekt gjennom Leverandørutviklingsprogrammet (LUP)	Det må stimulerast til at offentlege aktørar stiller krav om sirkularitet ved store offentlege infrastrukturprosjekt, der samfunnsviktig bruk av restprodukt vert vektlagt. Vi skal legge til rette for at leverandørar i Vestland kan posisjonere seg for å sikre verdiskapinga lokalt. Dette kan gjerast til dømes gjennom det nasjonale leverandørutviklingsprogrammet (LUP), der programansvarlege er NHO, KS, Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ), Innovasjon Norge og Forskningsrådet. Fylkeskommunen er medlem.	Fylkeskommunen i samarbeid fleire	2023	2023-25	Omdefinert frå 2023
7	Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri	1 Oppfølging av dei grøne hubane identifisert i Vestlandsporteføljen 2.0 i Grøn region Vestland	Følgje opp dei grøne hubane identifisert i Vestlandsporteføljen 2.0. gjennom å identifisere økosystemet for den einskilde hub og kople aktørar og verkemiddel tettare saman.	Fylkeskommunen og Innovasjon Norge i samarbeid med Næringsforum	2022	2022-25	Vidareført frå 2023
		2 Kartlegge potensiale for industriell symbiose i dei grøne hubane og utvikling av forretningsmodellar.	Nytte kompetansen og metodikk i NORCE sitt kapasitetsløftprosjekt BIOSIRKEL i dei grøne hubane for å sikre meir effektiv utnytting av industrielle sidestraumar.	Grøn region Vestland	2023	2023-24	Vidareført frå 2023
8	Vurdere om det behov for nye tiltak eller organisering i lys av kunnskapsgrunnlaget frå Grøn region Vestland	1 Systematisk oppfølging av barrierar for grøn omstilling	Næringsforum Vestland har tett oppfølging av barrierar for grøn omstilling og realisering av dei grøne hubane i Grøn region Vestland og identifisere oppfølgingstiltak	Næringsforum Vestland og Grøn region Vestland	2023	2023-25	Vidareført frå 2023
		2 Styrke samarbeidet om eksport frå Vestland	Prosjektet Grøn region Vestland har fokus på å utvikle nye grøne verdikjeder. Det er avdekkta behov for sterkare samarbeid om eksport generelt ut over det som vert gjort i dette prosjektet. Planen er å arrangere ein 'eksportkonferanse' i 2024 og jobbe ut ei strategisk innretting på samarbeidet om å fremme eksport frå Vestland.	Bergen næringsråd, NHO, Innovasjon Norge, Vestland fylkeskommune	2024	2024-25	Nytt tiltak 2024

## DELMÅL 2 Eit innovativt og grønt næringsliv i heile fylket

STRATEGIAR	TIKTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024
1 Redusere dei største punktutsleppa til netto null	1 Fortsette dialog og samarbeidsform med dei største punktutsleppa	Fortsette dialog frå rundebordekonferansen med dei store punktutsleppa i november 2023, for å avklare moglegheiter for å samarbeide om å realisere utsleppskutt. Følgje opp aksjonspunkt og vidareføre dialogen.	Fylkeskommunen samarbeid med NHO, Grøn region Vestland og andre aktørar	2022	2022-24	Omdefinert frå 2023
2 Realisere nullutsleppsløysingar i bygg- og anleggsnæringane	1 Stimulere til grøn omstilling av bygg- og anleggsbransjen i Vestland	Styrke samarbeid og kunnskapsdeling om innkjøp og anbod som verkemiddel gjennom å dele erfaringar frå igongsette aktivitetar og prosjekt. Styrke samhandlinga mellom fylkeskommunen som byggherre og entreprenørar og andre interessentar i anleggsnæringa gjennom til dømes Klimapartnarar Vestland og Leverandørutviklingsprogrammet	Fylkeskommunen, Leverandørutviklingsprogrammet, Klimapartnarane	2022	2023-24	Vidareført frå 2023
3 Bidra til grøn omstilling i matproduksjonen gjennom innovasjon knytt til teknologi og innsatsfaktorar	1 Følgje opp Temaplan Landbruk, inkludert jordvernstrategi for Vestland fylke	Gjennomføre årsplan for 2024, som også femnar om jordvern.	Fylkeskommune i samarbeid med partnerskapen og landbruksnæringa	2023	2023-25	Vidareført frå 2023
	2 Utfordre aktørar til å få fram aktuelle verdikjedeprosjekt	Vurdere om dette er eit område der det er aktuelt med ei målretta utlysing av landbruksmidlane(RK/RT).	Fylkeskommunen	2023	2023-24	Omdefinert frå 2023
	3 Følgje opp ekstra satsing på frukt, bær og grønt i Vestland	Følgje opp prosjekta som fekk støtte i 2022, i programstyret for frukt og bær.	Fylkeskommunen og programstyret for frukt og bær	2022	2022-24	Vidareført frå 2023

## DELMÅL 2 Eit innovativt og grønt næringsliv i heile fylket

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024
4 Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet	1 Følgje opp Temaplan Reiseliv for Vestland fylke	Iverksetje årsplan for 2024 for reiseliv i samarbeid med partnarskapen innan reiseliv i fylket. Satsing på utvikling av lågsesongtilbod og ei tettare kopling mellom mat, kultur og reiseliv vert prioritert.	Fylkeskommune i samarbeid med partnarskapen og reiselivsnæringa	2023	2023-25	Vidareført frå 2023
	2 Gjennomføre større prosjekt om besøksforvaltning i samarbeid med kommunar i Vestland.	Leie utviklingsprosjektet på grunnlaget som er lagt i dei to forprosjekta "Ei rikare reise" og "Besøksforvaltning". Må sikre langsightig finansiering, og strukturere prosjektet. I løpet av 2024 søkje partnarar og potensielle internasjonale prosjekt innan tematikken digitalisering og databruk i besøksforvaltning.	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane, reiselivsorganisasjonane, Innovasjon Norge og Statsforvaltaren	2023	2023-25	Omdefinert frå 2023
	3 Arbeide for ei framtidsretta organisasjonsstruktur i reiselivet	Vidareføre arbeidet med Destinasjon 3.0 og bistå dei sju destinasjonsselskapene i fylket i deira arbeid med utvikling og berekraft.	Samarbeid mellom fylkeskommunen og destinasjonsselskapene	2024	2024-25	Nytt tiltak 2024
5 Sirkulære prinsipp vert lagt til grunn for å redusere bruk av innsatsfaktorar og skape mindre avfall og utslepp	1 Styrke samhandling og kompetanse om sirkulærøkonomi og industriell symbiose	Det er mange initiativ på gong i fylket t.d. innan biodrivstoff, biokol og avfall frå land og sjø. Det er behov å styrke kompetansen og samhandling på området, mellom ulike aktørar og forvaltningsnivå.	Fylkeskommunen i samarbeid med IN	2023	2023-25	Vidareført frå 2023
	2 Starte opp eit strategisk arbeid med sirkulær massehandtering	Masse som pukk, grus og sand er byggeråstoff som må handterast meir berekraftig. Arbeide for ein sirkulær gruveindustri, der alle ressursar og avfallsstraumar skal takast hand om. Arbeidet må ta høgde for fleirnivåsamarbeid og syte for brei involvering og djup forankring i kommunane og i næringslivet.	Fylkeskommunen	2024	2024-25	Utsett til 2024
	3 Kartlegge det som skjer i verdikjeda for metallgjenvinninga i fylket	Organisere innsats og starte opp dialog med næringslivet.	Fylkeskommunen	2023	2023-24	Omdefinert frå 2023
	4 Få fram idear for nye forretningsmodellar knytt til sirkulære prinsipp	Dette omfattar å avdekke kva som er hindringar for å etablere samarbeid om industriell symbiose, som igjen sikrer økonomisk berekraft.	Fylkeskommunen og Innovasjon Norge	2023	2023-25	Vidareført frå 2023



# Areal til næringsutvikling

Mål: Rett areal til rett føremål til rett tid



## DELMÅL 1 Planlegging av næringsareal skjer effektivt, langsiktig og heilskapleg

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024
1 Næringslivet blir tidleg involvert ved planlegging av næringsareal	1 Inkludere planlegging av næringsareal i arbeidet med arealdelen i kommuneplanen	Næringsareal som tema blir tatt med i nettverk for kommunane om arealdelen i kommuneplanen	KS og fylkeskommunen	2024	2024-25	Nytt tiltak 2024
2 Sikre heilskapleg og langsiktig arealplanlegging på tvers av kommunegrenser	1 Sikre at heilskapleg og langsiktig arealplanlegging på tvers av kommunegrenser blir integrert i prosjektet "Styrka marin innsats"	Samarbeid med kommunane. Gje innspel gjennom arbeidsgrupper knytt til "Styrka marin innsats". I samband med One Ocean Week i 2024 vil vi leggje opp til nytt seminar knytt til heilskapleg og langsiktig arealplanlegging i sjø innan og mellom kommunar.	Fylkeskommunen i samarbeid med Statsforvaltaren	2024	2024-25	Nytt tiltak 2024
3 Legge grunnlag for eit meir effektivt planarbeid og sikre oppdaterte arealplanar	1 Vurdere differansiert planlegging som verktøy	Temaet er relevant i samband med ny utviklingsplan for Vestland.	Fylkeskommunen	2022	2022-24	Vidareført frå 2023
4 Sikre at rekkefølgekrav ikkje legg urimelege hinder i vegen for å nytte eigna areal	1 Inga tiltak i 2024					

## DELMÅL 2 Vestland har tilgang til nok eigna næringsareal som er basert på berekraftig bruk av naturressursar

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024
1 Legge til rette for nok eigna areal til grøn omstilling og innovasjon i næringslivet	1 Utarbeide marine grunnkart i Vestland	Arbeidet er videreført til område ved Bømlafjorden, og milepål for geologiske kartprodukt er november 2024. Tiltaket er også knytt til styrka marin satsing.	Fylkeskommunen	2022	2022-25	Omdefinert fra 2023
	2 Utarbeide regionalt arealrekneskap, som skal bli eit digitalt verktøy for formidling og analyse av arealbruk, natur og miljø.	Utvikle kommunale og regionale arealrekneskap som verktøy for berekraftig arealforvaltning i Vestland. Det vil vise ulike arealtyper, arealbruk og eigenskapar ved arealet. Det skal utarbeidast ei felles digital løsing, og som er til hjelpe for kommunane og næringsaktørar. Framtidige løysingar for å gi oversikt over potensiale for fortetting og transformasjon av eksisterande næringsareal, vil bli vurdert.	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane, Statsforvaltaren og forskingsorganisasjonar	2023	2023-25	Omdefinert fra 2023
	3 Etablere nettsider med presentasjon av utvalde næringsområde for å trekke til seg prioriterte investeringar og etableringar.	Det er behov for å ha samla oversikt over næringsareal i fylket i ein digital løysning, som kan nyttast av "Invest-in tenestene" i fylket og bygger på informasjon henta inn frå kommunane og andre. Vi må starte med område der vi har informasjon og vil bygge ut til heile fylket.	Fylkeskommunen	2024	2023-24	Nytt tiltak 2024
	4 Gi innspel for å tydeleggjere næringsinteresser i kommunal planlegging, til dømes innan industri, havbruk, energi og for hubane i Grøn region Vestland.	Skaffe oversikt over arealbehov i hubar for å realisert identifiserte prosjekta i Vestlandsporteføljen. Arbeidet må ivaretaka behov for å sikre rammebetingelsar for industriell symbiose og berekraft.	Fylkeskommunen og Grøn region Vestland	2024	2024-25	Nytt tiltak 2024
2 Sikre berekraftig bruk av naturressursar, biologisk mangfold og dyrka jord	1 Følgje opp Temaplan for landbruk inkludert jordvernstrategi for Vestland	Følgje opp Temaplan for landbruk, som legg opp til at Vestland skal vere eit føregangsfylke innan jordvern. Temaplanen skal også stimulere til å nå måla i klimaavtalen mellom jordbruket og staten, og på måtar landbruket kan hindre ureining.	Fylkeskommunen	2023	2022-25	Vidareført fra 2023
	2 Sikre ein oppdatert status på jordbruksareal, og endringar over tid.	Sjå på kva informasjon vi har tilgjengeleg i dag, og korleis denne kan framstilla best mogleg og haldast oppdatert. Dette tiltaket må også sjåast i samanheng med tiltak under delmål 2.	Fylkeskommunen i samarbeid med Statsforvaltaren	2023	2022-24	Vidareført fra 2023


## DELMÅL 3 Kommunane har god tilgang til kunnskaps- og datagrunnlag, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med kommunal planlegging

STRATEGIAR		TIKTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024	
1	Samle og gjere kunnskap til bruk i arealplanar og planstrategiar lett tilgjengeleg for kommunane	(Tiltak kjem fram under delmål 2, strategi 1, tiltak 2)						
2	Auke kapasitet og kompetanse i planarbeidet	1	Synleggjere gode eksempel og legge grunnlag for tematiske samarbeid.	Sette planlegging av næringsareal på dagsorden i nettverk og arenaer som til dømes mentorordning og plannettverk	Fylkeskommunen	2022	2022-25	Videreført frå 2023



# Kompetanseutvikling i arbeidslivet

Mål: Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse



## DELMÅL 1 Vi har rett kompetanse i næringslivet og offentlig sektor

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024
1 Utvikle og styrke utdanningstilbodet retta inn mot det grøne skiftet	1 Avdekke kompetansebehov i dei grøne hubane	Ha dialog med bedriftene i dei grøne hubane for å avklare om det er behov for å styrke kompetanse på område som er relevant for å få realisert dei planlagde innovasjonsprosjekta. Inkludere Grøn Region Vestland som eit kontaktpunkt i samarbeidsmodellen til Kompetanseforum Vestland	Fylkeskommunen	2022	2022-24	Omdefinert frå 2023
	2 Utvikle eit kompetanseprogram for industriell symbiose	Utvikle tilbod til bedrifter for å styrke kompetanse på industriell symbiose og innovasjonsleiing. Trekkje vekslar på erfaringar frå SNU 4.0 (Innovasjon Norge) og kunnskap i forskings- og utdanningsmiljø i fylket og internasjonalt.	Grøn region Vestland i samarbeid med utdannings-institusjonar	2024	2024-25	Nytt tiltak 2024
	3 Sette saman kompetanse-program retta inn mot det grøne skiftet og Grøn region Vestland	Samle eksisterande etter- og vidareutdanningstilbod knytt til nye grøne verdikjedar og relevante tverrfaglege tema i eit kompetanseprogram. Med føremål om å synleggjere kva som finst og identifisere kva som manglar.	Utdanningsinstitusjonane og fylkeskommunen	2022	2022-25	Omdefinert frå 2023
2 Byggje tverrgående kompetanse for framtida i alle utdanningsløp	Inga tiltak i 2024					
3 Halde på nyutdanna kandidatar i fylket og sikre at kompetansen deira er relevant for arbeidslivet	1 Etablere fleire kontaktpunkt mellom næringsliv/bransjar og studentar ved universitet og høgskule	Etablere tettare dialog mellom arbeidslivet/bransjar/sektorar som har utfordringar med å rekruttere kompetent arbeidskraft og universitet/høgskule for å synleggjere kva kompetanse dei uteksaminerte kandidatane har og korleis dei kan knyte tettare kontakt under studieløpet. Det bør vurderast eigne kontaktpunkt for internasjonale studentar.	Næringsråd, bransjeorganisasjonar, NHO, universitet, høgskular, kommunar	2022	2022-25	Vidareført frå 2023

## DELMÅL 1 Vi har rett kompetanse i næringslivet og offentlig sektor

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024
4 Styrke karriererettleiinga i grunnutdanninga	1 Kompetanseheving på karriererettleiing til rådgjevarar i ungdomsskule og vidaregåande opplæring	Kompetanseutviklinga vert organisert gjennom digitale og fysiske samlingar, og gjennom nettverksarbeid. Innanfor området karriere vert det utarbeidd eit opplegg for kompetanseheving og opplæring for rådgjevarar i ungdomsskule, i vidaregåande skule og andre tilsette ved skulane som har behov for denne typen kompetanse. I undervisningsopplegget må det trekkjast vekslar på erfaringar frå karrieretenestene ved høgskule og universitet. Kompetanseutviklinga skal vere forankra i leiinga på skulane og eit kompetansemiljø på karriere. Kompetanseutviklinga bygger på det nasjonale kvalitetsrammeverket for karriererettleiing.	Fylkeskommunen i samarbeid med karrieretenester på høgskule/universitet	2022	2022-25	Vidareført frå 2023
5 Ta i bruk karriererettleiing som verktøy i omstillingss prosessar	Inga tiltak i 2024					

## DELMÅL 2 Det er god tilgang på arbeidskraft


STRATEGIAR		TIKTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024
1	Kartlegge og koordinere kompetansebehov som grunnlag for å dimensjonere utdanningstilbodet	1 Teste ut modellar for å kartlegge kompetansebehovet i den enskilde kommune	Samle erfaringar fra eksisterande og pågående prosjekt, t.d. Kompetansepiloten i Nordfjord, INTERREG-prosjektet Right Skills for the Right Future i Nordhordland. Gjere resultata tilgjengeleg for studiesentera og andre relevante aktørar	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane, lokale næringslivsaktørar, FoU-organisasjonar	2023	2023-25	Vidareført frå 2023
2	Utgreie og pilotere løysningar for desentralisert og fleksibel utdanning	1 Vidareutvikle nettskulen i Vestland for å bidra til større breidde og auka fleksibilitet i vidaregåande opplæring for unge og vaksne i heile Vestland	Tilby nettskule for at fleire skal få høve til å gjennomføre fagopplæring og etterutdanning innan fagområde kor det ikkje er eit vg2-tilbod i regionen. Tilpassa og vidareutvikle fleire nettbaserte modellar for opplæring i fellesfag og programfag for elevar med særløp eller full opplæring i bedrift. Nettskulen skal ha god tilbodsbreedde innanfor yrkesfagleg nettbasert opplæring for vaksne som ønskjer fagbrev. Skal vidareutvikle nettskulen sitt tilbod som bidreg til at lærlingar i 0+4 og 1+3-løp får tatt fellesfag og programfag.	Fylkeskommunen	2022	2022-25	Vidareført frå 2023
		2 Etablere fysiske læringsmiljø i distrikta	Etablere og vidareutvikle fysiske læringsmiljø i form av studentstover i distrikta.	Kommunane eventuelt i samarbeid med studiesenter	2022	2022-25	Vidareført frå 2023
		3 Synleggjere digitale og fleksible utdanningstilbod ved høgare utdanningsinstitusjonar	Universitet og høgskular har allereie ei rekke digitale og fleksible etter- og vidareutdanningstilbod, men også ordinære utdanningsløp. Utarbeide eit opplegg for synleggjering og formidling av tilboda til bedrifter og kommunar med ein region som pilot i 2023	Regionale kompetanseforum i samarbeid med utdanningsinstitusjonane	2022	2022-24	Vidareført frå 2023
		4 Følgje opp studiesentera i Vestland	Statleg satsing på etablering av studiesenter i distrikta har ikkje langsiktig finansiering. Det er behov for at fylkeskommunen gir økonomisk støtte til studiesentera i startfasen.	Fylkeskommunen	2023	2023-25	Utsett til 2024

## DELMÅL 2 Det er god tilgang på arbeidskraft

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024
3 Mobilisere til auka bruk av etter- og vidareutdanning	1 Utveksle erfaring om modellar for mobilisering til etter- og vidareutdanning for tilsette i privat og offentleg sektor	Nytte erfaringar frå pilotar og prosjekt som er gjennomført for å mobilisere bedrifter og tilsette til å ta i bruk etter- og vidareutdanning, og avklare kva rolle lokale aktørar kan ta i dette arbeidet.	Studiesentera i Vestland	2022	2022-25	Vidareført frå 2023
	2 Utvikle FORREGION Kompetanse	FORREGION Kompetanse skal identifisere kompetansebehov i bedrifter, rettleie desse til relevant kunnskaps- og/eller utdanningsleverandør og gje råd i samband med utviklinga av tilbod ved å nytte kompetansemeklarar	Fylkeskommunen i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet	2023	2023-25	Vidareført frå 2023
4 Gjere overgangar og kombinasjonar av utdanningsløp meir fleksible	1 Utgreie moglegheitene for nye modellar i helsefagutdanninga	Det er eit stort behov for sjukepleiarar i fylket. Det er derfor behov for å utgreie nye utdanningsløp som Y-vegen helsefag og nye helseutdanningar i Fagskulen.	Fylkeskommunen, inkl. Fagskulen og HVL	2023	2022-24	Vidareført frå 2023
5 Gjere dei som står utanfor arbeidsmarknaden relevante for arbeidslivet	1 Utveksle erfaringar om nye modellar for samarbeid om tilbod til dei som står utanfor arbeidslivet	Tettare samarbeid mellom NAV, utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og karrieretenestene med særleg fokus på innvandrarar, flyktningar, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommar. (Teste ut samarbeidsformer med restaurantbransjen i Bergen som case i 2024.) Nytt samarbeid mellom NAV og Vestland fylkeskommune etablert i 2023)	Bergen kommune, NAV og fylkeskommunen	2022	2022-25	Vidareført frå 2023
6 Rekruttere nye arbeidstakarar til fylket nasjonalt og internasjonalt	1 Mobilisere til fleire søkerar til utdanningsprogram med låg innsøking som er viktige for arbeidslivet i fylket som heilskap og i ulike delar av fylket	Samordne og forsterke pågående arbeid for å rekruttere fleire søkerar til studiar med låg innsøking, men som har høg relevans for arbeidslivet i Vestland. Prosjekt i regi av Havbyen Bergen.	VilVilte, HVL og UiB	2022	2022-25	Vidareført frå 2023
	2 Avklare hindringar og moglegheiter for rekruttering av utanlandsk arbeidskraft	Det er stor mangel på arbeidskraft i Vestland. Nokre bransjar er difor avhengig av å rekrutterer utanlandske arbeidskraft. Det er behov for å avklare omfanget av dette og kva som kan gjerast for at det kan bli ei målretta ordning.	NAV, LO, NHO, VLK	2022	2022-25	Omdefinert frå 2023

## DELMÅL 3 Vi har tett samarbeid om kompetanseutvikling

STRATEGIAR		TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024
1	Etablere samarbeid om karriererettleiling på tvers av utdanningsnivå og sektorar	1 Etablere eit nettverk for karriererettleiingsaktørar i Vestland	Karriere Vestland vil starte opp eit nettverk for tilbydarar av karrieretenester for å styrke samarbeid og metodeutvikling på ulike utdanningsnivå.	Fylkeskommunen	2023	2023-25	Ferdig i 2023
2	Tettare samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet for å avdekke behov og tilrettelegge utdanningstilbodet	1 Utvikle internasjonale samarbeidsprosjekt på kompetansefeltet	Vidareutvikle og etablere nye kontaktfalter for å utvikle internasjonale samarbeidsprosjekt som kan bidra til å utvikle rett kompetanse for framtida. Oppstart av prosjektet Centre of Vocational Excellence Hydrogen, VLFK, HVL og Fagskulen i Vestland.	Fylkeskommunen	2024	2024-2025	Nytt tiltak 2024
3	Påverke nasjonale styresmakter for å betre rammevilkåra for regional kompetansepolitikk	1 Kompetanseforum sender felles uttale til nasjonale myndigheter når det er aktuelt	Etter behov	Kompetanseforum Vestland	2023	2023-24	Vidareført frå 2023



# Innovative og inkluderande samfunn

Mål: Verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket

## DELMÅL 1 Berekraftige bu- og arbeidsmarknads-regionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping

STRATEGIAR		TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024
1	Jobbe for å gjere offentlege tenester meir tilgjengelege i heile fylket	1 Arbeide for samlokalisering for tilbydarar av offentlege tenester	Statens hus i Stad, starta hausten 2021, er ein av 4 pilotar i Norge. Arbeide vidare med prosjekt for å realisere fysisk samlokalisering og betre det offentlege tilbodet til innbyggjarane i distrikta. Etablere ein felles utviklingsarena knytt til mellom anna næringsutvikling og ny berekraftig distriktpolitikk.	Stad kommune i samarbeid med skatteetaten, fylkeskommunen, NAV og politiet	2022	2022-24	Vidareført frå 2023
2	Stimulere til auka bulyst gjennom å mobilisere til lokale initiativ og skape fleksible arbeidsplassar	1 Styrke innbyggardrivne, lokale utviklingsinitiativ	Følge opp tilrådingane frå tidlegare EU-prosjekt (YESpecialist) for å auke bulyst og tiltakslyst blant unge i distrikt. Ein skal teste ut modellar for å mobilisere til betre lokalt samarbeid og lokale initiativ på tvers av sektorar (Kommune-næringsliv-skule-frivillig sektor), i god dialog med unge innbyggjarar.	Fylkeskommunen i samarbeid med KS og 4-5 pilotkommunar	2023	2023-24	Vidareført frå 2023
3	Sikre god digital infrastruktur og - tenester i heile fylket	1 Gjennomføre temaplan for breiband og digitalisering, særleg når det gjeld digital inkludering	Legge til rette for tiltak som kan avbøte utfordringa med at opptil 15 % av befolkninga i Norge ikkje er gode nok brukarar av digitale tenester. Viktig i denne samanheng er eit breitt samarbeid med kommunar, offentleg mynde og frivillig sektor for å sikre resursar til ei satsing som vil krevje langsigkt arbeid med ei rekke tiltak knytt til dialog, mobilisering, opplæring og oppfølging av ei rekke brukargrupper. Samarbeid med Digdir, som har ansvar for arbeidet på statleg side, blir sentralt i dette tiltaket.	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunar og IT-forum Vest og KS	2022	2022-25	Omdefinert frå 2023
		2 Vidareføre samarbeid for effektiv digitalisering i kommunane	Kommunane i Vestland skal gjennom samarbeidet Digi Vestland sikre at folk har tilgang til gode og likeverdige tenester, uavhengig av kva for kommune dei bur i. Fylkeskommunen sitt samarbeid med Digi Vestland, kommunane og Statsforvaltaren skal styrkast når det gjeld digitalisering.	Kommunane gjennom samarbeidet Digi Vestland	2022	2022-25	Vidareført frå 2023

## DELMÅL 1 Berekraftige bu- og arbeidsmarknads-regionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024
3 Sikre god digital infrastruktur og - tenester i heile fylket	3 Legge til rette for breiband i heile fylket	Sikre breiband i heile Vestland gjennom å skaffe god oversikt over behov for utbygging, og lyse ut tilskot til område der det ikkje er kommersielt lønsamt å bygge ut. Få oversikt over status for mobildekning i fylket og samarbeide med kommunar og telecom-operatørar om tiltak for å sikre fullgod mobildekning i viktige område for ferdsel og aktivitet. Teste ut lågbanesatellitt som alternativ løysing for telekommunikasjon.	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane	2022	2022-25	Vidareført frå 2023
	4 Auka bruk av digitale verktøy og tenester i næringsliv og offentleg sektor.	Bidra til auka bruk av digitale verktøy og kompetanse for auka konkurransesvevne, grøn omstilling og nye berekraftige tenester/produkt. Samarbeid med fleire aktørar, både nasjonalt og internasjonalt. God rekruttering til teknologiretta utdanningar, særleg når det gjeld jenter, er ein viktig del av dette. Aktuelle tiltak er å gjennomføre mobiliseringsaktivitetar, få fram gode rollemodellar, støtte dialog med frivillige organisasjonar, ulike utdanningsnivå mm.	EDIH Oceanopolis, inkubatorar, næringshagar, klynger, fylkeskommunen	2023	2023-25	Vidareført frå 2023
	5 Smarte regionar og lokalsamfunn	Digital innbyggarinvolvering er eit område der Norge kjem dårlig ut, samanlikna med andre land i EØS/EU. I 2024 bør det startast eit forprosjekt for å kartlegge kva som gjer at Norge heng etter, kva som er hovudelementa i å få ein breiare aktivitet og kven det er som bør delta i eit samarbeid for å betre dette. Dette kan knytast til arbeidet med utvikling av gode og framtidsretta bu- og arbeidsområde i heile fylket. Det er også potensiale for kommunar som ynskjer internasjonalt samarbeid gjennom Digital Europe.	Fylkeskommunen med fleire	2024	2024-25	Nytt tiltak 2024

## DELMÅL 1 Berekraftige bu- og arbeidsmarknads-regionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024	
4 Samarbeid for å styrke kommunane som berekraftig utviklingsaktør	1	Prosjekt: Styrka samarbeid for berekraftig utvikling, tilpassa kommunen sine behov	Samordna og tilpassa nærings- og samfunnsutvikling opp mot kommunane i Vestland Pilot med 5-6 utvalde kommunar for å prøve ut nye måtar å samhandle på internt i fylkeskommunen og med kommunane, tilpassa kommunane sine ulike behov. Prosjektet skal vere godt koordinert med KS og eksisterande nettverk og satsingar med kommunane. Det gjeld til dømes "Nettverk for industrikommunar", besøksforvaltning og LivOGLyst. Integrere internasjonalisering som verkemiddel.	Fylkeskommunen	2023	2023-25	Nytt tiltak 2024
	2	Styrke samanheng og samordning mellom regional og kommunal planlegging	Legge til rette for at dei kommunane som ønskjer det, kan ta utgangspunkt i Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling i eiga planlegging.	Fylkeskommunen og KS	2023	2023-25	Vidareført frå 2023
5 Ta i bruk ressursane i heile befolkninga	1	Utvikle ei strategisk satsing for å styrke inkludering og integrering i arbeidslivet	Satsinga skal legge til rette for samspel mellom offentleg sektor, næringsliv, forskings- og utdanningssektoren og frivillig sektor. Vi skal forsterke og vidareutvikle samarbeidsformer og løysingar, og utvikle nye tiltak der det er behov. Internasjonalt samarbeid er aktuelt å etablere. Det er behov for å vurdere ei prosjektorganisasjon med deltaking frå dei ulike sektorane.	Næringsforum Vestland	2024	2024-25	Nytt tiltak 2024

## DELMÅL 2 God innovasjonsinfrastruktur i heile fylket

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024
1	1 Sikre at bedrifter i alle kommunane i Vestland har tilgang på tenester fra Siva-programmet og at næringshagar og inkubatorane har god gjennomføringskraft	Legge til rette for kompetanseutvikling, godt samarbeid og utnytting av samla ressursar og verkemidlar. Sikre næringshagetilbod i Sunnfjordregionen og Indre Hardanger og Kvinnherad.	Fylkeskommunen og Siva	2023	2023-25	Vidareført frå 2023
	2 Stimulere til meir entreprenørskap blant studentar i Vestland	Legge til rette for gode entreprenørskapsaktivitetar på tvers og Utvikle gode system/nettverk for å identifisere student entreprenørskapsidear. Auke talet på søknader frå Vestland til Innovasjon Norge si ordning STUD-ENT	Fylkeskommunen og HVL	2024	2024-25	Nytt tiltak 2024
	3 Støtte opp om nettverk og forsterke eksisterande næringsklynger i fylket	Vestland sine mange klynger er viktige i innovasjonsinfrastrukturen. Det er behov for å finne ein veg vidare for dei modne klyngene. Det vil bli stimulert til samarbeid, kunnskaps- og kompetanseutveksling mellom eksisterande klynger, og mellom klyngene og nettverk av bedrifter i rurale område (hub-node samarbeid).	Fylkeskommunen og Bergen kommune i samarbeid med klyngene	2022	2022-24	Vidareført frå 2023
1	4 Stimulere til at større regionale samarbeidsinitiativ får støtte frå nasjonale og internasjonale ordningar	Bidra med rådgjeving og styrke samarbeidsinitiativ. Vidareføre ei søkbar ordning for å utvikle større regionale samarbeidssøknader til nasjonale og internasjonale ordningar innan berekraftig verdiskaping frå. t.d. klyngeprogram, Kapasitetsløft, Katapult, Horisont Europa, Interreg og Digital Europe. Etablere ei langsiktig satsing saman med UiB for å posisjonere Vestland inn mot samarbeidsalliansar og plattformer i EU og forsterke den regionale forankringa i søknadsinitiativ. Søkje om forlenget nasjonal finansiering til nettverk for mobilisering til Horisont-Europa	Fylkeskommunen, IN og UiB i samarbeid med FoU-forum, Horisont Europa-netverk	2022	2022-24	Vidareført frå 2023
	5 Bruke EU sine nettverk til å bygge partnarskap og prosjektutvikling	Vi skal identifisere kva nettverk i EU som er relevante for oppfølging av ambisjonane i "Berekraftig verdiskaping". Vi skal synleggjere moglegheiter for samarbeid gjennom deltaking i desse nettverka. European Regions Research and Innovation Network er eit spesielt aktuelt nettverk.	Fylkeskommunen, Vestlandet sitt Brüsselkontor	2024	2023-25	Nytt tiltak 2024

## DELMÅL 2 God innovasjonsinfrastruktur i heile fylket

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	STATUS START 2024	
2	Heilskapleg støtte til entreprenørar: Ein "koplingsboks" for gründarar og rådgjevarar	1 Heilskapleg støtte til entreprenørar og "En vei inn"	Kople gründarar med rett rådgjevarar og støtteapparat til rett tid i prosessen med å etablere bedrift. I 2024 skal vi fortsette arbeidet med prosjektet "En vei inn" - ei landsdekkande digital løysing. Kjernegruppa skal jobbe vidare for å sikre god koordinering og gode henvisingar. Prosjektet skal sikre at kommunane er godt kjent med moglegheitene som ligg i 'En vei inn'. Førstelinjenesten må styrkast og gründerar i heile fylket bør ha eit likeverdig tilbod.	Fylkeskommunen i samarbeid med Innovasjon Norge	2022	2022-25	Vidareført frå 2023
3	Felles innsats for å stimulere til forsking og forskingsbasert innovasjon	1 Styrke arbeidet med næringsretta forsking	Styrke og vidareutvikle FORREGION Vestland med særleg vekt på søkbare midlar som kan kompensere for bortfall av Regionalt forskingsfond Vestland som ordning.	Fylkeskommunen	2024	2024-25	Nytt tiltak 2024
		2 Strukturert og langsiktig samarbeide for å få fleire nye forskingssenter og nærings- og fagkynger til Vestland	Tiltaket må avklare behovet for støtte i nasjonale og internasjonale konkurransar om finansiering av større prosjektsamarbeide, senter- og innovasjonsstruktur. Meir strukturert samarbeidet kan omfatte betre tilpassa søkjartettleiing og ei satsing for å sikre naudsynt samarbeide på tvers av næringar, fagfelt og geografi i søknadsprosessar.	Fylkeskommunen i samarbeid med FoU-forum Vestland	2022	2022-25	Vidareført frå 2023
		3 Meir målretta forskingsformidling til aktuelle brukargruppe	Legge til rette for systematisk samarbeide mellom FoU-organisasjonar og brukargrupper om målretta formidling av relevant forskingsbasert kunnskap. Legge sterke vekt på forskingsformidling og prøve ut nye modellar som del av FORREGION Vestland og RFF Vestland. Forankring i FoU-forum Vestland,	Fylkeskommunen i samarbeid med FoU-forum Vestland	2023	2023-24	Vidareført frå 2023
		4 Få fram og dele kunnskapsbaserte verktøy for å fremme industriell symbiose og sirkulære verdikjede.	Tiltaket skal representere ein kunnskapsplattform med relevans for dei mange sirkulærøkonomiske initiativa i Vestland, og verte utvikla saman med pågående kunnskapsutvikling (prosjekt) samt nye initiativ - som t.d. spissa tematisk utlysing frå FORREGION, metodar innan livsløpsvurdering (LCA) og arbeidet i EU med taksonomi for berekraftig utvikling.	Fylkeskommunen	2024	2024-25	Nytt tiltak 2024



Samarbeid og forpliktande  
partnarskap



# Samarbeid og forpliktande partnarskap

Gjennom samfunnsutviklarrolla og som planmynde tek fylkeskommunen ansvar for leiing og koordinering av arbeidet.

Vi skal styrke samarbeid mellom næringsliv, offentleg sektor, forskning og innbyggjarane i Vestland.

I årsplanen bygger vi vidare på det gode samarbeidet vi har etablert i det nye fylket gjennom:

- Næringsforum Vestland
- Kompetanseforum Vestland
- FoU-forum Vestland
- Partnarskap innan landbruk
- Partnarskap innan reiseliv
- Partnarskap innan breiband og digitalisering
- Partnarskap innan marin sektor
- Grøn region Vestland og «Team Vestland»

**Kommunar og regionråd** er viktige aktørar i oppfølginga av planen. Likeins må **næringslivet og partnarane i arbeidslivet** vere tett involvert og engasjert i arbeidet.

**Næringsforum Vestland** representerer sentrale partnrarar i fylket. Næringsforum har som oppgåve å:

- utvikle felles årsplanar og sikre framdrift i arbeidet
- sikre koordinert og effektiv bruk av offentlege ressursar til innovasjon og næringsutvikling i heile fylket
- sikre samarbeid mellom dei ulike aktørane i gjennomføringa av konkrete tiltak.

**Kompetanseforum Vestland** vil har hovudansvar for å koordinere og overvake innsatsen innan «Kompetanseutvikling i arbeidslivet»



# Resultat- og effektmåling



# System for resultat- og effektmåling

**Utvikling av eit felles system for resultat- og effektmåling for gjennomføring av den regionale planen er del av handlingsprogrammet for 2022-2025.**

For å kunne måle resultat og effektar av prioriterte innsatsar, skal det nyttast eit indikatorsystem som har tre nivå:

**Nivå 1:** Indikatorar for å overvake utviklinga i fylket og jamføre med andre geografiske einingar på overordna mål ved hjelp av offentleg statistikk, t.d. verdiskaping, eksportgap og klimagassutslepp.

**Nivå 2:** Indikatorar for å prioritere satsingsområde og målgrupper.

**Nivå 3:** Indikatorar for å måle resultat og effekt i ei definert målgruppe som verkemidlane er retta inn mot.

Nokre av indikatorane er eigna for å overvake utviklinga på fylkesnivå, andre kan brytast ned til region- eller kommunenivå og kan kryssast med andre variablar, som næringskoder, yrkesgruppe, alder med vidare. Fleire kan nyttast til å måle resultat og effekt av konkrete tiltak og verkemiddel.

I 2023 er kunnskapsgrunnlaget for kompetansepolitikk vidareutvikla og presentert på fylkeskommunen si [nettseite](#). Eit [dashbord](#) for Grøn region Vestland er lansert og det er utvikla eit omfattande [kunnskapsgrunnlag](#) for arbeidet med ny utviklingsplan for Vestland 2024-2028. Fylkestinget skal vedta utviklingsplanen i desember 2024.

Arbeidet med eit samla system for resultat- og effektmåling er krevjande og vil ikkje kome heilt på plass før det blir utvikla eit felles system for fylkeskommunen, som inkluderer ei digital nettløysing.

Eitt sett med indikatorar er bestemt i handlingsprogrammet – sjå meir på nettsida:  
[Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling](#).